



Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsskjema
Nynorsk

SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



Skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag etter forureiningsforskrifta kapittel 22 og forureiningslova § 11. For andre tiltak i sjø kan søknadsskjemaet nyttast som utgangspunkt for kva opplysningar Statsforvaltaren treng for å kunne fatte ei avgjerd. Du kan gjerne bruke søknadsskjema for desse tiltaka også.

Skjemaet må fyllast ut nøyaktig og fullstendig, og alle nødvendige vedlegg må følgje med. Se rettleiar til søknadsskjema og informasjon til søkjer i eige dokument.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Bruk vedleggsark med referansenummer til skjemaet der det er nødvendig.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren pr. e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) eller pr. brev (Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger).

Innhald

1. Generell informasjon	3
2. Type tiltak	4
Del C – Utfylling	5
3. Lokale tilhøve	8
4. Forureinings situasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål	11
5. Handsama hjå andre styresmakter?	17
Vedlegg	18

1. Generell informasjon

a Tiltakshavar (ansvarleg søkjar)

Namn Nordic Rutile AS
 Adresse Langebruvegen 1, 6800 Førde
 Telefon 92640645
 e-post kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com
 Hovudeining 990 691 606
 (org.nr.)
 Undereining 990 691 606
 (org.nr.)

b Tiltakshavars kontaktperson

Namn Kenneth Nakken Angedal
 Adresse Langebruvegen 1, 6800 Førde
 Telefon 926 40 645
 e-post kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com

c Konsulentfirma (eventuelt)

Namn Asplan Viak AS
 Adresse Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
 Telefon +47 41799417
 e-post leikanger@asplanviak.no

d Entreprenør (dersom kjend)

Namn Sunnfjord Industripartner AS
 Adresse Mallasvika Kringlevegen 16, 6817 Naustdal
 Telefon 90614610
 e-post thomas@enservice.no

e Lokalisering av tiltak

	Mudring	Dumping	Utfylling
Kommune	Kommune	Kommune	Sunnfjord Kommune
Stadnamn	Stadnamn	Stadnamn	Engebø
Gnr./bnr.	Gnr./bnr.		431/3, 431/6, 431/10
Koordinatar EUREF89 UTM 32V	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: 6822415 Aust: 310820

f Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket (månad og år) og kor lenge arbeidet vil pågå

Oktober 2022 til Januar 2023

g Fakturainformasjon	
Fakturaadresse	Nordic Rutile AS co/ Nordic Mining ASA Munkedamsveien 45 0250 Oslo
Fakturareferanse Anna (Prosjektnummer e.l.)	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
Kontaktperson for fakturering	
Namn	Kenneth Nakken Angedal
Telefon	926 40 645
e-post	kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com

2. Type tiltak

Mudring, dumping og plassering av materiale frå skip er underlagt reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. *Mudring og dumping i sjø og vassdrag* og krev alltid løyve etter § 22-6.

For utfyllingsarbeid og andre tiltak utført frå land er det ein vurderingssak frå Statsforvaltaren si side om tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Mudring	<input type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del A</i>
Dumping	<input type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del B</i>
Utfylling	<input checked="" type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del C</i>
	Ja	Nei
Tiltak i ferskvatn	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Dersom tiltak i ferskvatn: Er det strekningar som fører anadrome laksefisk eller trua ferskvassartar (t.d. elvemusling, ål, edelkreps)	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

NB! DEL A (Mudring) og Del B (Dumping) er fjerna for å forenkle dokumentet.

Del C – Utfylling

Tømming av masser i sjøen for å etablere noko nyttig, som utvide areal. Det må vere *nyttiggjering* og det må vere *eigna massar*.

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

- | | | |
|------------------|-------------------------------------|--|
| Landvinning | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Infrastruktur | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Molo/bølgebrytar | <input type="checkbox"/> | |
| Anna | <input type="checkbox"/> | <i>Spesifiser:</i> Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. |

b Gje kort greie for tiltaket. Spesifiser føremål med utfyllinga.

Området er i reguleringsplan beskrive som «Industri, lager og samferdselsområde». Kommunen har kravd dette industriområdet og i detaljreguleringsplan står følgjande: «Mineralutvinning kan ikkje starte før det ligg føre ein konkret og tidfesta avtale om ferdigstilling av industriområdet.» Hovudformålet med området er å gje optimalt grunnlag for utnytting av ressurs i anleggsområdet.

Ressursutnytting:

I massebalansa i samband med planering/sprenging av prosessområdet på Engebø er det, som kravd i reguleringsplan, lagt til grunn fylling i sjø. Dersom utfylling i sjø, av ulike grunnar, ikkje blir gjort fortløpande vil ein måtte transportere massar ut av området, mellomlagre dei og seinare køyre dei tilbake for utfylling for å oppfylle krava i reguleringsplanen. Dette vil ha uheldige konsekvensar for ressursutnytting og miljø. I tillegg vil den ekstra køyringa medføre ein ekstra slitasje på FV611 som går mellom Engebøneset og aktuell stad for eit mellomlager.

Anleggsfase:

Ein vil kunne nytte området i den vidare anleggsfasen, i samband med oppbygging av prosessområdet.

- Mellomlagring av varer, utstyr, maskiner og element
- Montering av komponentar

Driftsfase:

Nordic Rutile har fått krav om å fylle ut området i bukta slik at det nyttast til å fasilitere aktivitetar knytt til å auke utnyttinga av Engebøførekosten. Området vil være tilgjengeleg for Nordic Rutile, men også for eksterne foretak som ynskjer å bruke for eksempel gråberg eller avgangsmasser som eit råstoff.

c Areal som skal fyllast ut. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

6 000 Kvadratmeter, m²

d Volum som skal fyllast ut.

30 000 Kubikkmeter, m³ 50 000 Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før utfylling

0 - 20 m

f Gje greie for metoden for utfylling (snitt-teikning(ar) skal leggjast ved)

Det etablerast først ei flate langs land som fylling startar frå +4 meter. All masse tippast inne på etablert flate og bli deretter lagt med gravemaskin for å få ei helling på om lag 1:1,5. Når djupna blir større enn at gravemaskin klarar å legge ut massar ut til fyllingsfot skal det leggest ut maksimalt 5 meters breidde om gangen før profilering av utlagt fylling. For meir utfyllande detaljar rundt utfylling i sjø visast det til kap 2.3.4 i handbok V221 frå Statens vegvesen.

For å oppnå ein stabil fylling, vil fyllingsfoten bli lagt på grunn som har helling slakare enn 1:3.

Sjå vedlegg Nr 9 og 10

g Gje greie for utfyllingsmassane inkl. vurdering av plast

I samband med utbygging av prosessanlegg på Engebøneset skal noko berg av typen granittisk orthogneis fjernast, og det er denne massen som skal brukast i utfyllinga.

Gneisen, ein augegneis, er sterkt foliert beståande hovudsakeleg av kvarts, feltspat og glimmer. Biletet under viser typisk utsjånad på gneisen som skal brukast til utfyllinga



Typisk er eigenvekta på gneisen 2,8 tonn per kubikkmeter. Kornstorleiken på det utsprengte materialet vil være 0 til 800 mm. Svellfaktoren vil være på om lag 1.5.

Gneisprøver analysert for tungmetall (9 prøver) og syrenøytraliseringspotensiale (3 prøver) viser at gneis frå området er godt innanfor klassifiseringa for inert materiale.

Sprengstein vil generelt innehalde noko uomsett sprengstoff som vil kunne gi ei avrenning av NH_4^+ og NO_3^-). Ved sprenging i dagen er det venta at om lag 1% av sprengstoffet forblir uomsett, men ved bruk av emulsjonsprengstoff (som vil være tilfelle på Engebø) vil dette talet være noko lågare. Gneiss er ein sur bergart, og problematikken med auka pH i samband med sprøytebetong er ikkje gjeldande.

Eit relativt lågt utfyllingsvolum og kort utfyllingstid (3 månadar) kombinert med ein stor resipient (Førdefjorden) og bruk av emulsjonssprengstoff gjer til at det ikkje er forventa at avrenning frå uomsatt sprengstoff vil utgjere ein betydeleg, negativ miljøpåverknad. I tillegg vil utfyllinga føregå på haust/vinter når vekst og oppblomstring ikkje er like aktiv som seinvår og sommar.

Siltgardin vil ligge ute under heile anleggsperioden og vil hindre spreining av partiklar. Ved sprenging av granittisk gneis vil det (blant anna på grunn av kløvet til enkelte av minerala i gneisen) dannast skarpe partiklar. Det er ikkje venta at partiklane vil spreie seg ut forbi siltgardina. Generelt vil spreining av (skarpe) partiklar være mest kritisk i lukka vassdrag der for eksempel fisk ikkje vil være i

stand til å flytte seg ut av partiklane. I ein stor resipient som Førdefjorden er dette mindre kritisk, men av erfaring veit ein at siltgardiner hindrar spreiding og det er difor ikkje ansett sannsynleg at partikkelspreiing vil føre til skader på vasslevande organismar utanfor utfyllingsområdet.

Plast i sprengstein frå sprenging vil kunne følgje sprengsteinen ut i fyllinga. Leidningsrestar og det meste av plastpartiklar vil fangast inne i fyllinga (M-1085/2018) medan det som slepp ut i vassmassa vil fangast opp av siltgardina og seinare samlast opp (Anslå kor mykje plast som blir brukt?). Bruk av emulsjonssprengstoff vil minske plastrestar i sprengstein.

3. Lokale tilhøve

a Eigedomar som blir råka av tiltak

Eigar	Gardsnummer/bruksnummer
Nordic Rutile AS	431/3
Nordic Rutile AS	431/6
Nordic Rutile AS	431/10

Dersom tiltaket går inn på eller kan råka anna persons eigedom skal skriftleg godkjenning frå grunneigar leggast ved.

b Utgreiing av botntilhøve og området sin grunnstabilitet

Dykkerinspeksjon (ASPLAN, 2022) syner lite lausmassar i området, og fastfjell er synleg innimellom dei fleste stadar. Nokre stader er det grov stein rett på fjell. Grunnen i bukta er klassifisert som grunntype A

Viser til rapport ASPLAN, 2022 - Fylling i sjø, Engebøprosjektet. Dykkerundersøking».

c Er det naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet?

Dersom ja, angje kva for og omtal korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Oppgje kjelde for opplysningane.

Ja Nei

I samband med reguleringsplan for Engebøfjellet vedtatt i 2011 og godkjent i 2015, er det gjort konsekvensutgreiing og risiko vurdering av påverknad på blant anna biologisk liv i fjorden. Dette omfattar villfisk som vandring av laks/smolt, gyteområde for torsk. Vidare undersøkingar av naturverdiar er gjort i området aktuelt for utfylling (BAA2):

Dykkerundersøking (DNV, 2022) er utført på tre lokalitetar. Sentralt i utfyllingsområdet, like vest for utfyllingsområdet og like aust for utfyllingsområdet. Videoar tekne med ROV syner typisk og forventa botnflora på botnen der fyllinga skal etablerast. Det vart ikkje avdekka frammadartar eller raudelista artar.

ROV-undersøkingar frå 2014 (DNVGL, 2014) dokumenterte følgande artar i grunt vatn i sjøsona: Tarmgrønske, slettrugl, sukkertare og blæretang.

Frå naturbase kan ein sjå at det er gjort ein enkelt observasjon av tjeld i nær tilknytning til tiltaksområdet. Då dette kun er ein enkelt observasjon, og anleggsarbeidet berre vil føregå utanfor hekketida for tjeld, er det ikkje venta at tjeld vil bli påverka av tiltaket.


d Utgreiing av naturtilhøva (ver, vind, straum, mm.)

Klimaet på Engebø er typisk for vestlandet med lange relativt varme dagar om sumaren til korte, relativt kalde dagar på vinteren. Grunna nærleiken til fjorden og kysten er det ikkje langvarig tele, og snøen ligg sjeldan meir enn eit par månadar. Årleg fell det om lag 2 000 mm nedbør over Engebø fordelt ut over alle fire årstider.

I vedlagt dokument (Niva 2009 - Tilleggsvurdering knyttet til strømførhold og potensiell spredning av gruveavgang ved endret deponeringsløsning), er beskrevet at Førdefjorden er kjenneteikna med følgjande straumssystem.

- Estuarin sirkulasjon hovudsakleg drive av ferskvasstilføringa frå elvar i fjorden.
- Vinddriven straum
- Tidasstraum
- Djupvassutskifting, då Førdefjorden er ein terskelfjord

I samband med rapport LNR 5690-2008 «Spredning av partikler i overflatelaget utenfor Engebøfjellet», er det gjort modelleringar av overflatestraumar i fjorden. I figuren under henta frå denne rapporten er tiltaksområdet markert med grøn prikk.



Figur 10. Kart over fjorden utenfor Engebøfjellet. De to strømmålerne (R1661, R1662), CTD stasjonene (F1, NM2) og oppdrettslokaliteter (L4, T1, T2, S1) er markert. Overflatestrømmen midlet over den perioden modellen er kjørt for er vist med brune piler. Den svarte linjen sørover fra Stølselva angir et snitt på tvers av fjorden som det senere i rapporten blir beregnet partikkelkonsentrasjoner for.

Kjelde: NIVA (2009)

e Oppgje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten eller n romr det til lokaliteten og beskriv korleis desse eventuelt kan r kast av tiltaket.

Det er ingen kjende allmenne brukarinteressar i område.
Omr det er regulert for industri.

f Havnespy	Ja	Nei
Er det kjente f�rekomstar av havnespy ¹ i n�rleiken av tiltaksområdet?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Er deg grunn til � tru at det kan vere havnespy i n�rleiken av tiltaksområdet?	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

g Er det r�yr, kablar eller andre konstruksjonar i området? <i>Dersom ja, merk av p� kart som skal leggjast ved s�knaden</i>	Ja	Nei
	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det g�r per i dag ei h�gspenlinje over området for utfylling (BAA2), men denne h�gspenlinja skal flyttast av netteigar f�r utfyllinga byrjar.		

4. Forureinings situasjon, avb tande tiltak, overvaking og m l

Pr vetaking og analyse m  utf rast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

a Er det kjende forureiningskjelder i n�rleiken (t.d. slipp, kommunalt avl�p, b�thamn, industriverksemdar e.l.) <i>Dersom ja, angi kva for</i>	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Klikk eller trykk her for � skrive inn tekst.		
	Ja	Nei

¹ <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

Rettleiaren for søknadsskjemaet er lest og prøvetakinga er omtalt i samsvar med denne



b Kartlegging av forureining i sjøbotn (analyseresultat/rapport skal leggjast ved søknaden)

Tal prøvestasjonar 5

Tal prøvepunkt per stasjon 4 *Prøvepunkt skal teiknast inn på kart, jf. figur 1 i «Rettleiar til søknadsskjema»*


Prøvedjupne 0 - 10 cm
(analysert) i sediment
(laginndeling må visast)

Gjer greie for prøvetakinga

For utfyllande beskrivelse av metode, resultat og vurdering av forureiningspotensiale til sedimentane i bukta, sjå rapport Miljørapport, Sedimentundersøkelser Engebø (Sweco, 2022).

Utfyllingsarealet består av ei blanding bart fjell med stein til stadvis områder med sedimentar (skjellsand/sandfraksjon) med algevekst. Det er antatt at lausmassane/sedimenta ligger som eit tynt lag over fjell (sjå Fylling i sjø, Engebøprosjektet. Dykkarundersøking).

Sweco utførte sedimentprøvetaking 8. august 2022 for å kartlegge eventuell førekomst av forureining i tiltaksområdet. Prøvetakinga vart utført med ein handhaldt kjerneprøvetakar med bistand frå yrkesdykkere (Aquadykk AS). Prøvetakinga ble utført ved 5 stasjonar innanfor tiltaksområdet. Plassering av stasjonane og prøvepunkt (inkl. målt djubde) er vist i figuren under. Stasjonane vart jamnt fordelt innafør tiltaksområdet (Kart under, og vedlegg Nr 12), der 4 stasjonar dekkjer arealet langs land kor det var større variasjon i botnterrenget og 1 stasjon dekkjer arealet i midten av tiltaksområdet (homogent område). Det vart tatt 4 replikatprøver frå kvar stasjon i dei øvre 0-10 cm av sedimenta. Replikata vart samla i ei blandeprøve og fiksert i rilsanposer.



c Summèr opp analyseresultata (det må gå fram om sjøbotn inneheld miljøgifter i tilstandsklasse III eller høgare²)

Analyseresultata vurdert i henhold til Veileder om grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – revidert 30.10.2020 (M-608-2016). Under blir resultata for sedimentprøvene presentert. For Fullstendige analyserapporar frå ALS er vedlagt (ALS, 2022). For utfyllande rapport refererast det til vedlegg nummer 6 (Sweco, 2022).

Tungmetall og PCB

Analyseresultata viser at ingen av sedimentprøvene inneheld konsentrasjonar som overskrid bakgrunnsverdiar for korkje tungmetall eller PCB.

Polysykliske aromatiske hydrokarboner (PAH)

Analyseresultata på PAH viser at stasjon 1, 2 og 3 viser tilstandsklasse 1 på dei fleste PAH-komponentane, men også fleire PAH-komponentar som faller innanfor tilstandsklasse 2. Grenseverdien mellom tilstandsklasse 2 og 3 for antracen er på 4,8 µg/kg og faller innanfor tilstandsklasse 3 ved stasjon 3. Konsentrasjonen av antracen ved stasjon 3 er difor i nedre intervall av tilstandsklasse 3.

For stasjon 4 er samlege av PAH-parameterane enten under deteksjonsgrensa eller i tilstandsklasse 1. Berre ein parameter (Fenantren) ligg i nedre del av tilstandsklasse 2.

For stasjon 5 er alle PAH-parameteren under deteksjonsgrense og sedimenta i dette området er vurdert som heilt fri for PAH-forureining.

Oppsummert er PAH-forureining knytt til stasjonane som ligg langs land og kan være knytt til avrenning frå overliggande bilveg og båtverksemd.

Tinnorganiske forbindingar (TBT)

Resultat frå tinnorganiske parameteren viser at konsentrasjonen er svært låge.

Resultata er under deteksjonsgrensen til laboratoriet (ALS) for alle stasjonane med unntak av stasjon 1. TBT i sediment er som oftast knytt til grohemmande tilsetning til båtmaling. Påvist TBT i sedimenta er difor truleg knytt til båtbruken i området.

² Tilstandsklasser for sediment jf. Veileder M-608/2016 – revidert 30.10.2020

d Finstoffinnhald i sedimentet

Stein	Grus	Sand	Silt	Leire
N/A	N/A	<i>Sjå under</i>	<i>Sjå under</i>	<i>Sjå under</i>

Eventuell nærmare omtale

Parameter	Enhet	P1 (St.1)	P2 (St.2)	P3 (St.3)	P4 (St.4)	P5 (St.5)
Sand (>63µm)	%	91,4	54,8	77,1	93,2	65
Silt (2-63µm)	%	8,4	43,5	22,7	6,7	34,2
Leire <2 µm	%	0,2	1,7	0,2	0,1	0,8
Totalt organisk karbon (TOC)	% tørrvekt	1,3	0,61	0,42	1,7	1,5

e Gje greie for avbøtande tiltak for å hindre spreing av forureining (inkludert reine partiklar) og/eller negativ påverknad på naturverdiar. For utfylling må også tiltak mot spreing av plast vurderast.

- Siltgardin skal settast ut over bukta for å fange opp minerals støv og plastrestar.
- Sprengningsmassane som skal brukast til utfyllinga skal være sprengt med elektroniske tennarar. Foringsrøyr brukt som holmarkering skal takast ut før sprengning og gjenbrukast eller avfallshandterast.
- Det skal gjennomførast opprydning av plast og anna avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og i nærliggande områder for å plukke opp eventuell plast som har dreve/blåst bort under anleggsperioden.
- Plastavfall som blir fanga opp av siltgardina vil med jamne mellomrom fangast opp og avfallshandterast.
- Vurdere om utfyllingen kan starte med å etablere en sjete ytterst, slik at utfyllingen kan pågå innelukket.
- Det skal gjennomførast turbiditetsmålingar i fjorden undervegs i utfyllinga.

f Gje greie for risikovurderinga av tiltaket på ytre miljø og vis til eventuell rapport. *Risikovurderinga bør gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.*

For dette prosjektet er det vurdert at den største miljørisikoen er knytt til spreing av skarpe partiklar frå sprengsteinmassane som skal nyttast som utfyllingsmassar.

Utfyllingsarbeida vil også kunne føre til suspensjon og spreing av finkorna partiklar som vil forårsake aukt turbiditet i vassøyla. Partiklar innan størrelsesfraksjonen leire og silt suspenderast lett i vassøylen og kan bli eksponert for transport med vassmassane.

I tillegg til spreing av skarpe partiklar frå sprengstein kan oppvirvling og auka turbiditet i vassøyla over lengre tid være ein miljøbelastning for økosystem i

nærleiken av utfyllingsområdet. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar i eller ved tiltaksområdet, men tiltaksområdet ligger innanfor eit registrert gyteområde for torsk. Dette må takast hensyn til i gjennomføringa

For ytterlegare detaljar visast det til Miljørapport, sedimentundersøkelser, Engebø (Sweco, 2022)

g Tiltaks mål

For tiltaket er følgende mål sett:

- Bruk av siltgardin
- Effektiv utfylling over kortast mogleg tid
- Bruk av emulsjonssprengstoff

h Miljømål

Miljømål for tiltaket er:

- Gjennomføring av tiltaket skal ikkje medføre unødig spreining av forureining eller skarpe finpartiklar til omkringliggende områder.
- Forureining i sedimenta skal ikkje medføre helseisiko for brukarar av området, korkje under utfylling eller i ettertid.
- Gjennomføring av tiltaka skal ikkje medføre unødig skade på naturmiljø eller ha negativ påverknad på vassførekomstane sine miljømål i henhold til vassforskrifta.
- Tiltaks- og miljømål vil diskuterast med utførande entreprenør for å redusere risikoen for utslepp.

i Plan for overvaking av vatn, spreiring av massar og sluttkontroll

Det er sett ut turbiditetsmålarar i området rundt utfyllinga. Dei vil registrere eventuelle spreiringar. Ei målebøye midt ute i fjorden gir direkte overføring av data. Dersom spreiring forbi siltgardina blir observert vil det takast målingar med ein manuell turbiditetsmålar (ValePort).

5. Handsama hjå andre styresmakter?

(det er tiltakshavar som har ansvar for å ha dei nødvendige løyva på plass ved oppstart)

	Ja	Nei	Annet
a Plan- og bygningslova (kommunen)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<i>Leggast ved</i> ev. kommentar
b Hamne- og farvasslova (Kystverket/havnevesen)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Jf. a
c Kulturminnelova (Norsk Maritimt Museum)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Jf. a
d Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (dersom Fylkeskommunen)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	ev. kommentar

Andre opplysningar som er av betydning for saken skal leggast ved søknaden. Vi gjer merksam på at søkjar sjølv er ansvarleg for ikkje å oppgje sensitiv informasjon (forretningshemmelegheiter, ol.) i søknadsskjemaet då skjemaet er offentleg tilgjengeleg.

- Søkjar er kjent med at det skal betalast gebyr for handsaming av søknaden (kryss av for å stadfesta), jf. forureiningsforskrifta § 39.

Førde, 23.08.2022
Stad, dato



Underskrift
Søkjar sin underskrift

Vedlegg

No 1	NIVA (2009) - Tilleggsvurdering knyttet til strømforhold og potensiell spredning av gruveavgang ved endret deponeringsløsning
No 2	DNVGL (2014) - Marinbiologisk tilleggsundersøkelse i Førdefjorden
No 3	ASPLAN (2022) - Fylling i sjø, Engebøprosjektet. Dykkarundersøking
No 4	DNV (2022) - Grunntvannsundersøkelse Engjabøneset - preliminare resultater
No 5	NIVA (2008) - Spredning av partikler i overflatelaget utenfor Engebøfjellet
No 6	Sweco (2022) - Miljørapport Sedimentundersøkelser Engebø
No 7	Detaljregulering Engebø
No 8	Regplankart Engebø
No 9	Snitt utfylling
No 10	Plan Utfylling
No 11	Oversiktskart 1:50 000
No 12	Prøvetakingskart
No 13	Vedtak om ettstegsløype til grunnarbeid
No 14	ALS (2022) - Rapport frå sedimentanalyser.zip

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || sfvpost@statsforvalteren.no ||
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

